



Kirkerådet  
Postboks 799 Sentrum  
0106 OSLO

Dato: 15.09.2021

Vår ref: 20/04377-18

Deres ref:

## Kyrkjevalet 2023: Høring om reglar for val av prest og lekkyrkjeleg tilsett

Den norske kyrkjas ungdomsutval har i møtet sitt 13. august 2021 behandla høringssvar for val av prest og lekkyrkjeleg tilsett i sak 61/21, og leverer ved dette eit einstemmig høringssvar.

### 1. Støttar høyringsinstansen forslaget om å skilje ut reglane om val av prest og lek kyrkjeleg tilsett frå kyrkjevalreglane?

Det blir støtta at reglane for val av prest og lek kyrkjeleg tilsett skiljast frå kyrkjevalreglane. DnkU ser det som ein føresetnad at fristar for å senda inn forslag til kandidatar til val samkøyrast med alle val som skal gjerest i kyrkjevalet.

### 2. Støttar høyringsinstansen forslaget om at val av prest og lek kyrkjeleg tilsett til bispedømeråd og Kyrkjemøtet blir gjennomført som heildigitalt val?

DnkU støttar at val av prest og lek kyrkjeleg tilsett gjennomførast som heildigitalt val. For å kunna gjennomføra det må det vera under føresetnad om at alle kan stemma, og gjerer universelt tilgjengeleg. Å gjennomføra val heildigitalt sikrar òg oppteljing av stemmer.

### 3. Har høyringsinstansen merknader til forslaga om beredskapsprosedyre og reglar for omval ved ekstraordinære hendingar?

DnkU meiner at det er viktig at det finst beredskapsprosedyre, og at stemmene handteras av bispedømmeråda. Ved omval ønsker DnkU at avgjerda ligga hos Kyrkjerådet, og støttar at reglane opnar for postval.

### 4. Har høyringsinstansen merknader til regelforslaga for preferanseval eller fleirtalsval?

Preferanseval er ei god ordning, og DnkU føretrekk dette då det sikrar betra representativitet av kandidatar på val. Eit viktig omsyn for DnkU er at dette sikrar at kvar stemme tel.

### 5. Har høyringsinstansen merknader til forslaga om nye fristar?

Det anbefalast å samkøyra fristane slik at dei er same for alle.

### 6. Har høyringsinstansen merknader til forslaget om skjæringsdato?

Forslag til skjæringsdato 1. juni er tilrådeleg. Det bør leggjast til eit unntak om retting i manntal ved flytting av prest og leik tilsett mellom ulike bispedømer, og for studentar i ny jobb. Dette for å sikra at studentar som byrjar i jobb etter utdanning får stemmerett ved val i det bispedøme dei skal arbeida i. Det vil vere vanskeleg å forhandsrøyste på prest eller lek kyrkjeleg tilsett etter flytting mellom bispedømer.

**7. Har høyringsinstansen andre merknader til forslaget til reglar?**

Ingen andre kommentarar

På vegne av Den norske kyrkjas ungdomsutval

Nora Antonsen  
Leder

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.*

Mottakere:  
Kirkerådet

Postboks 799  
Sentrum

0106 OSLO